

NORSK MÅLUNGDOM

Norsk Målungdom (NMU) er den einaste landsfemnande ungdomsorganisasjonen som arbeider for dei norske målføra og det nynorske skriftmålet. Me skipar til sumarleir, konferansar, vinterleir, nynorsk kurs og mykje anna. Medlemer i NMU får medlemsbladet *Motmæle* i posten.

Medlemskap i NMU kostar berre 30 kroner for fyrste året. Frå juli til desember kan nye medlemer betala 60 kroner for to års medlemskap.

VIL DU VITA MEIR OM NORSK MÅLUNGDOM?

SEND INN SLIPPEN UNDER, ELLER TA KONTAKT PÅ TELEFON: 22 42 63 00,
E-POST: NMU@NYNORSK.NO ELLER VIA HEIMESIDA: WWW.NYNORSK.NO/NMU/

Formgjeving: arild.olsen@nynorsk.no



Eg vil verta medlem i NMU

Eg vil vita meir om Noregs Mållag (for deg over 26 år)

Eg vil vita meir om NMU

NMU dekkjer portoen

Namn:

Adresse:

Postnummer og -stad:

Fødeår:

Telefon:

E-post:

Svarsendingsavtale
171 210 / 4 omd.

NORSK MÅLUNGDOM
Sentrum
0109 OSLO

Er **big bite**
betre enn **pølser?**

Er kleda billegare på
sale enn på norsk?

Det trur 7-eleven og Hennes & Mauritz.

Engelsk breier om seg i reklame, musikk og på fjernsynet. Engelske ord snik seg inn i talespråket. Kanskje butikkane trur at fleire vil kjøpa om dei reklamerer på engelsk? Kanskje norske popstjerner trur at tekstane deira vert betre om dei er skrivne på engelsk? Det trur ikkje Norsk Målungdom.

**ALTERNATIVET TIL DETTE ER ENKELT
– Å BRUKA VÅRT EIGE SPRÅK.**

Når folk snakkar norsk gjer dei det på mange ulike måtar. Me har fleire hundre dialektar. I dag vert mange av dei meir like, fordi bokmålsord som *hvorfor*, *hvordan*, *ikke* og *kommer* tek over for dialektorda. Nokon byter ut dialektorda fordi alt bokmålet dei les og høyrer i radio og fjernsyn påverkar dei. Andre sluttar å snakka dialekt fordi dei ikkje vil snakka so «bonat» eller breitt. Trur du me kjem til å høyra forskjell på folk frå Oslo, Trondheim og Øygarden om hundre år?

Dialekt er ikkje berre ein måte å snakka på. Dialekt er ein personleg talemåte, samstundes med at det er noko ein deler med alle dei andre som snakkar same dialekt. Dialekten er eit uttrykk for identiteten; han syner kven me er og kvar me kjem frå. Når du snakkar dialekt syner du at du er stolt!

Me veit ikkje korleis språket her i landet kjem til å vera om hundre år. Kanskje vil alle gå på *sale* i store *shopping malls*, kanskje vil alle snakka bokmål fordi dei har lært at det er flaut å seia *koss*, *korleis*, *kossen* eller *ikkje* og *itj*. Du er med på å avgjera! Måten me som er unge snakkar på i dag er med på å avgjera korleis språket vil vera i framtida.



Nynorsk byggjer på alle dei norske dialektane. Alle som snakkar dialekt, kan finna att former frå dialekten sin i nynorsk. Difor er nynorsken til hjelp om du vil halda på dialekten din.

SO SNAKK DIALEKT – SKRIV NYNORSK!